

Open post

I slutten av kvart kommunestyremøte er det «Open post». Her kan kommunerepresentantane stille spørsmål til ordførar etter desse retningslinene:

- Open post er representantane si moglegheit til å stille spørsmål utan å melde inn spørsmålet på førehand, jfr. reglementet punkt 4.3 grunngjevne spørsmål.
- Kvart spørsmål/innlegg vert avgrensa til 5 minutt.
- Spørsmålet/innspelet vert fremma frå representanten sin plass eller frå talarstol om dette er innført.
- Spørsmålet kan bli svara på i same møte eller i neste møtet, ut frå spørsmålet sin art og omfang og tidsramme for svar.
- Open post vert halde i opent møte, dersom ikkje anna følgjer av teieplikt eller anna omsyn i høve til lovverk.
- Det kan stillast spørsmål til kommunen si verksemd m.v. og saker/planer som er under handsaming.